

**KONTROLLUTVALET I  
SKODJE KOMMUNE**

**SÆRUTSKRIFT**

**av møteboka for Skodje kontrollutval i møte 06.07.2015.**

**Av 5 medlemmar var 4 til stades.**

**SAK 14/15**

**DRØFTING AV KOMMUNESTYRESAK 54/15 OM MELDING TIL  
BARNEVERNET OG 55/15 OM VALD I SKULEN**

Kontrollutvalet la samla fram slikt forslag som vart samrøystes vedteke:

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

1. Kontrollutvalet viser til protokoll frå kommunestyret sitt møte 30. juni 2015, der det går fram at referatsak 52/15 vart endra til to vedtakssaker – sak 54/15 og sak 55/15. Referatsaka gjaldt to særutskrifter frå kontrollutvalet. Same dag i forkant av kommunestyret sitt møte hadde ordføraren sendt ut tilleggs-sakliste, der referatsaka allereie var omgjort til vedtakssaker.

Etter kommunelova § 77, nr. 1 har leiar av kontrollutvalet møte- og talerett i kommunestyret når utvalet sine saker blir behandla. Leiar for kontrollutvalet var verken orientert eller kalla inn til dette møtet.

Ordførar var kjent med at den eine saka frå kontrollutvalet var sendt over til departementet for vurdering. Ovanfor kontrollutvalet har han då også i epost av 22. juni 2015 uttrykt at han var tilfreds med at dette var gjort.

2. Ettersom kontrollutvalet ikkje var gjort kjent av ordføraren om endringane i saklista, fekk ein ikkje hove til å ivareta sin møte- og talerett i desse sakene. Dette er eit klart brot på kommunelova sine saksbehandlingsreglar.
3. I begge sakene har kontrollutvalet gjort ei grundig saksbehandling med innhenting av alt tilgjengeleg skriftleg materiale, opna for nye rundar med høyringar, gjort grundige vurderingar når det gjeld sakene sin realitet, og den eine saka var enno ikkje ferdigbehandla av kontrollutvalet. Av møteprotokollen frå kommunestyret går det ikkje fram om det i det heile vart sendt ut saksdokument som grunnlag for

kommunestyret sine vedtak. Det er difor svært uklart kva for skriftlege og/eller muntlege grunnlag vedtaka er fatta på. Dette, kombinert med at kontrollutvalet sin leiar er ekskludert frå å nytte sin møte- og talerett i desse sakene, gjer behandlinga uforsvarleg og mangelfull.

Ordføraren skal i kraft av å vere møteleiar sjå etter at saker som blir sett på saklista er forsvarleg utgreidd. Ordføraren er ansvarleg for at kommunestyret i desse sakene både har handsama og gjort vedtak på sviktande grunnlag. Slik vedtaka framstår, undergrev kommunestyret sitt eige kontrollutval si rolle og funksjon.

4. I kommunestyret sitt vedtak i sak 55/15 går det fram at det er uklart om saka er avslutta. I kontrollutvalet sitt vedtak punkt 6 går det fram at saka er avslutta frå kontrollutvalet si side.
5. I vedtaket frå kommunestyret er det vist til brev frå departementet datert 17. desember 2014. Kontrollutvalet stiller seg bak dette brevet, og det er ingen motsetnad mellom kontrollutvalet sine vurderingar og innhaldet i dette brevet.
6. Protokollen frå kommunestyret er og på andre punkt svært mangelfull i forhold til den praksisen som er innarbeidd. Det går mellom anna ikkje fram kven som fremja forslaga til vedtak i desse sakene. Det går heller ikkje fram om dei var samrøystes. Protokollen manglar innhald om kven som møtte frå administrasjonen, og nemner heller ikkje at det deltok representantar frå kommuneadvokaten i Ålesund kommune og Fylkesmannen i Møre og Romsdal og kva roller desse hadde i møtet.  
Avslutningsvis er det uklart om sak 55/15 vart behandla i ope eller lukka møte.

Det blir elles vist til møterelementet for kommunestyret og politiske utval i Skodje kommune, jf. kapittel 6 i kommunelova om sakbehandlingsreglar i folkevalde organ.

Vigdis T. Bye  
leiar  
(sign.)